

Lærdal kommune
Postboks 83
6886 LÆRDAL

Vår dato: 11.09.2020
Vår ref.: 201839611-15
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Gert Vidar Høgseth

Lærdal kommune – Søknad om løyve til grunnvassuttak til Lærdal vassverk i Lærdal kommune i Vestland – oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 12.02.2020.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av grunnvatn til Lærdal vassverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 45 i vassressurslova.

Ei nærare grunngeving for løyvet er gitt i vedlagt notat, «*Bakgrunn for vedtak – grunnvassuttak til Lærdal vassverk*». Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld grunnvassuttak til Lærdal vassverk, og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Vi syner elles til NVE sin rettleiar 4/2018 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga" og «Rettleiar til detaljplan for miljø og landskap for grunnvassanlegg med konsesjon». Rettleiarane ligg på NVE miljøtilsynet sine nettsider: <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/>.

Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Det kan vere utfordringar knytt til koronaviruset. Dersom det ikkje er mogleg å sende ein klage innan tre veker, må de sende ein grunngeven søknad om utsett klagefrist til nve@nve.no.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

De kan også finne informasjon om fristar i samband med koronaepidemien på nettsidene våre:
<https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Orientering om rett til å klage

Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: - Skrive kva for vedtak du klagar på. - Skrive kva for eit resultat du ønsker. - Opplyse om du klagar innanfor fristen. - Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltningsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.